

# Informasjonsskriv til tilsette – 3. april 2020



Volda  
kommune

## **Kjære medarbeidar i Volda kommune,**

Vi nærmar oss påske. Ei tid der vi normalt feirar høgtida i lag med andre, både ute på tur og i sosiale samankomstar. Dette vert ei annaleis påske. Vi bør unngå reising, hald avstand til andre og elles følgje råda frå helsemyndigheitene.

Det har vore eit stort trykk på dei tenestene som vart påverka av den ekstraordinære situasjonen med korona. Dette kom som kasta på den 12. mars. Eg er imponert over kor raskt de fekk etablert apparatet som skulle handtere den nye kvardagen.

No ventar heile landet med spenning på kva regjeringa vil lande på den 8. april når dei skal fortelje oss kva som skal skje med dei nasjonale tiltaka etter 13. april. I Volda kommune er det allereie teke ei avgjerd på at barnehagane og skulane uansett ikkje skal vere opne første virkedag etter påske. Det vil gå ut nærare informasjon når vi veit meir om dei nasjonale tiltaka. Det kan verte ein ny utfordrande jobb med førebuing når det vert opna opp for drift i skulane og barnehagane att.

Viruset har vorte ein felles fiende for heile verda. Det er usynleg og skaper usikkerheit både i nositasjonen og tida som kjem. Det er vanskeleg val som skal gjerast av regjeringa dei næraste dagane. Det er vanskeleg å vite kva som er rett å gjere. Uansett vil vi kome over denne situasjonen, men verknaden framover vil vere avgjerande av om ein treffer rett. Det får vi først vite når det heile er over.

Vi må håpe på det beste og førebu oss på å kunne handtere ein svært krevjande situasjon. Vi er heldige i Volda kommune som har dyktige, fleksible og arbeidsvillige medarbeidarar. Vi er også heldige som har eit godt gjensidig tillitsforhold mellom administrasjonen og politikarane. Vi har ei politisk leiing som tek ansvar og er synlege ut mot innbyggjarane i denne krisa. Eg håpar at dei nasjonale tiltaka har slik effekt at vi får litt tid til å omrøme oss. Eg håpar at de får tid til å puste ut og lade batteria i påska.

Det er bra at regjering og Storting viser handlekraft og går inn med tiltakspakkar både til næringslivet og til kommunane. Kommunane har fått ein auke i rammeoverføringane på 3,75 milliardar for å kompensere for inntektstap og ekstrakostnader. Dette vil ikkje vere nok, og KS er i dialog med regjeringa om dette fram mot revidert nasjonalbudsjett. Det er spennande å sjå korleis tiltaka overfor næringslivet vil virke. Det er urovekkjande når ein les Nav sin statistikk over ledige i

Volda og Ørsta. Denne viser at desse kommunane har til saman 1 051 ledige personar, ca 9,7 % av arbeidsstokken. Vi får håpe at desse i løpet av kort tid kan kome attende i jobb.

Stortinget har signalisert at dei vil løyve midlar til ei tiltakspakke til kommunane for å få i gang aktivitet i næringslivet. Det vert vist til liknande ordning som vart innført i 2009 etter finanskrisa.

Vi held framleis krisestab med jamnlege møte i kriseleiinga. Kommunen yter stort sett dei daglege tenestene i tillegg til at vi gir innbyggjarane tryggheit for liv og helse. Vi som arbeider i kommunen får eit særleg press i ei samfunnskrisa. Det er vi som har ansvar for å halde hjula i gang og sikre innbyggjarane. Dersom dette varer over tid, vil vi merke det på kroppen. Det er viktig at vi tek vare på kvarandre som kollegaer, som familie og som innbyggjarar. Saman er vi sterke, og vi skal kome over dette på best mogleg måte.

Eg gjentek nok ein gong at eg er stolt av den innsatsen de gjer for at vi kan ha kontroll på situasjonen, og gi innbyggjarane tryggheit.

Eg ynskjer deg ei god helg og ei god påske!

**Beste helsing**  
**Rune Sjurgard**  
**Kommunedirektør**